

Notat 2002–41

Økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka

**Mjølke- og storfekjøttproduksjon
Trender og økonomisk utvikling 1995–2001
Tabellsamling 1997–2001**

Tittel	Økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka. Mjølke- og storfekjøttproduksjon. Trendar og økonomisk utvikling 1995–2001. Tabellsamling 1997–2001
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2002
Antall sider	73
ISBN	82-7077-500-2
ISSN	0805-9691

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgranskning der det inngår omlag 1000 bruk over heile landet kvart år. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. I tillegg har det vore stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Rogaland og Agder, samtidig som det er ei målsetjing for NILF å gjere dataene lettare tilgjengelege.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå fylka Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder. Det deltek omlag 70 bruk frå Rogaland, og 30 bruk frå kvart av Agder-fylka i granskinga. Dei økonomiske dataene i kapittel tre (Trender og økonomisk utvikling for åra 1995–2001), er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktane i tabellsamlinga inneheld nominelle kroner frå kvart av åra.

Det vert kvart år skifta ut ein del bruk i driftsgranskningane, men kontinuiteten blant del-takarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. Utskifting av bruk og gardsoverdraging kan likevel gje utslag i enkeltår. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

Siv Karin Paulsen Rye ved distriktskontoret i Bergen er ansvarleg for notatet.

Oslo, desember 2002

Leif Forsell

Innhold

1	INNLEIING	1
2	MJØLK- OG STORFEKJØTPRODUKSJON	3
2.1	Innleing	3
2.2	Produksjon.....	4
2.2.1	Mjølkeproduksjon	4
2.2.2	Kjøtproduksjon	4
2.3	Inntekter	4
2.4	Kostnader	6
2.5	Driftsoverskot jordbruket	7
2.6	Nettoinntekt.....	7
2.7	Arbeidsforbruk	8
2.8	Konklusjon	8
3	TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING FOR ÅRA 1995–2001	9
3.1	Resultatmål i jordbruket	9
3.1.1	Driftsoverskot	9
3.1.2	Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk	10
3.1.3	Lønsevne per time.....	11
3.2	Effektivitetsutvikling.....	12
3.3	Skogbruket	14
3.4	Totaløkonomien for bruka i Rogaland og Agder	15
3.4.1	Nettoinvestering.....	15
3.4.2	Nettoinntekt.....	15
3.4.3	Gjeld.....	16
4	UTVIKLINGSTREKK 2001	19
5	TABELLSAMLING 1997–2001	23
	FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA:	72

Figurar:

Figur 2.1 Driftsoverskot per årsku i gjennomsnitt for dei ulike gruppene	3
Figur 2.2 Omsett kukjøtt og anna storfekjøtt i høg- og låg-gruppa, kg per bruk.....	4
Figur 2.3 Inntekter i dei ulike gruppene, kroner per årsku	5
Figur 2.4 Pris og tilskot per liter omsett mjølk.....	5
Figur 2.5 Oversikt over ulike kostnader i høg- og låg-gruppa, kroner per årsku	6
Figur 2.6 Sum kostnader per bruk i dei ulike gruppene	6
Figur 2.7 Samla kostnader, inntekter og driftsoverskot, kroner per bruk.....	7
Figur 2.8 Prosentvis fordeling av brukets samla inntekter for dei to gruppene.....	7
Figur 2.9 Totale timar per årsku og familiens timar per årsku.....	8
Figur 3.1 Driftsoverskot i gjennomsnitt per bruk, 2001-kroner	10
Figur 3.2 Driftsoverskot i ulike storleiksgrupper, 2001-kroner.....	10
Figur 3.3 Vederlag til arbeid og eigenkapital per årverk i ulike driftsformer, 2001-kroner	11
Figur 3.4 Driftsoverskot og vederlag til arbeid og eigenkapital på Jæren og andre bygder, 2001-kroner	11
Figur 3.5 Lønsevne per time, gjennomsnitt for ulike område, 2001-kroner	12
Figur 3.6 Utvikling av arbeidstimar per årsku i driftsforma mjølk/ storfekjøttproduksjon.....	13
Figur 3.7 Timar per årsku i driftsforma mjølk/ storfeslakt i begge område	13
Figur 3.8 Kostnad per årsku i driftsforma mjølk/ storfeslakt, begge område.....	14
Figur 3.9 Driftsoverskot frå jordbruk og skogbruk samt nettoinntekt for dei bruka som er med i skogbruksgranskningane i Aust- og Vest-Agder	14
Figur 3.10 Nettoinvesteringar per bruk, ulike område, 2001-kroner.....	15
Figur 3.11 Samansetning av samla inntekter på Jæren.....	16
Figur 3.12 Samansetning av samla inntekter i andre bygder.....	16
Figur 3.13 Gjeldsprosent for landet og i ulike driftsformer på Jæren	17
Figur 3.14 Gjeldsprosent for landet og i ulike driftsformer i andre bygder	17

Tabellar:

Tabell 4.1	Samla oversikt for 2001	20
Tabell 4.2	Resultatmål i jordbruket 1995-2001, Jæren	21
Tabell 4.3	Resultatmål i jordbruket 1995-2001, andre bygder i Rogaland og Agder	21

Tabellsamling

Tabell 1	Fylkestal, Rogaland.....	24
Tabell 2	Fylkestal, Vest Agder.....	27
Tabell 3	Fylkestal, Aust Agder	33
Tabell 4	Områdetal, Jæren, alle bruk	33
Tabell 5	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 2 (50–100 dekar), alle driftsformer	36
Tabell 6	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 dekar), alle driftsformer	39
Tabell 7	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 dekar), alle driftsformer	42
Tabell 8	Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøttproduksjon	45
Tabell 9	Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald	48
Tabell 10	Områdetal, Andre bygder, alle bruk	51
Tabell 11	Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 2 (50–100 dekar), alle driftsformer	54
Tabell 12	Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 3 (100–200 dekar), alle driftsformer	57
Tabell 13	Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 4 (200–300 dekar), alle driftsformer	60
Tabell 14	Områdetal, Andre bygder, mjølk og storfekjøttproduksjon	63
Tabell 15	Områdetal, Andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald	66
Tabell 16	Områdetal, Andre bygder, mjølkeproduksjon og svinehald	69

1 Innleiing

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår omlag 1000 bruk over heile landet. Frå fylka Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder er det kvart år med mellom 125 og 130 bruk i denne granskinga.

Notatet vert publisert på bakgrunn av at det frå fleire hald har vore eit ønskje om fleire og meir detaljerte opplysningar om jordbruket enn det ein kan finne i den årlege publikasjonen frå driftsgranskinger. I kapittel 2 er det sett nærare på bruk med mjølk- og storfekjøttproduksjon der bruka er delte inn i grupper etter driftsoverskot per årsku.

Utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste sju åra er dokumentert i kapittel 3. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar. Alle bakgrunnsdata i dette kapitlet er deflaterte etter konsumprisindeksen.

Kapittel 4 inneheld resultata frå rekneskapsåret 2001. Tala er samanlikna med 2000, og dei viktigaste årsakene til endringane for dei ulike resultatmåla er presenterte.


Tabellsamlinga i kapittel 5 inneheld tal frå driftsgranskinger for Rogaland og Agder for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for fylka, område, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Alle dei økonomiske dataene i denne bolken er nominelle tal for åra og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein definisjonar og forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

2 Mjølke- og storfekjøttproduksjon

2.1 Innleiing

I dette kapitlet ser vi nærare på bruka som driv med kombinert mjølke- og storfekjøttproduksjon. I Rogaland og Agder er det i alt 67 bruk med denne driftsforma i 2001, 24 av bruka er på Jæren og 43 i andre bygder. Bruka er sortert etter driftsoverskot per årsku og delt inn i tre like store grupper. Den tredjedelen som i gjennomsnitt har det lågaste driftsoverskotet per årsku, vert kalla låg-gruppa, og dei med det høgaste driftsoverskotet kallast høg-gruppa. Begge gruppene er jamt fordelt i Agder og Rogaland. Vi vil her prøve å sjå på kva som er hovudskilnadene mellom gruppene, og kva som er fellestrekk for dei bruka som får det beste resultatet. Alle tala i kapitlet er gjennomsnittstal for gruppa. Figur 2.1 viser driftsoverskot per årsku for dei ulike gruppene. Låg-gruppa har eit driftsoverskot per årsku på kr 7 920, og høg-gruppa eit snitt på kr 18 770 per årsku.



Figur 2.1 Driftsoverskot per årsku i gjennomsnitt for dei ulike gruppene

Alderen på brukarane i høg-gruppa er i gjennomsnitt 46 år, og det er 4 år meir enn brukarane i låg-gruppa. Når ein ser på overtakingstidspunktet så har brukarane i høg-gruppa i gjennomsnitt drive garden i 18 år, og tilsvarende tal i låg-gruppa er 11 år.

2.2 Produksjon

Bruka i låg-gruppa er i snitt på 213 dekar, medan bruka i høg-gruppa er noko mindre, og har 199 dekar. Avling per dekar er derimot noko høgare i høg-gruppa, der er det oppnådd 444 foreiningar per dekar, medan det er 423 foreiningar per dekar i låg-gruppa.


2.2.1 Mjølkeproduksjon

Sjølv om overskotet er mindre per dyr, så er tal årskyr større i låg-gruppa. Bruka i denne gruppa har 19,2 årskyr, medan bruka i høg-gruppa har 15,2 årskyr. Det er liten skilnad på yting per årsku i gruppene, låg-gruppa har i snitt 6 244 kg produsert mjølk per årsku, medan høg-gruppa har 6 232 kg per årsku.

Mjølkekvoten i låg-gruppa er på 104 200 liter, og høg-gruppa har ein kvote på 85 260 liter. Bruka i låg-gruppa leverte i snitt 1 485 liter mjølk over kvoten, medan bruka i høg-gruppa mangla 1 113 liter for å fylle kvoten.

2.2.2 Kjøttproduksjon

Figur 2.2 viser omsett storfekjøtt i dei ulike gruppene. Låg-gruppa omsett 2 170 kg kukjøtt, og det er 560 kg meir enn i høg-gruppa. Når det gjeld anna storfekjøtt er det omvendt, der omsett høg-gruppa 2 560 kg, og det er 720 kg meir enn hos låg-gruppa. Produsert kjøtt per årsku blir i høg-gruppa 274 kg, medan låg-gruppa produserer 209 kg kjøtt per årsku.




Figur 2.2 Omsett kukjøtt og anna storfekjøtt i høg- og låg-gruppa, kg per bruk

2.3 Inntekter

På grunn av større omfang på drifta, er det låg-gruppa som totalt sett har dei høgaste produksjonsinntektene. I sum har låg-gruppa ei produksjonsinntekt på kr 775 000, medan høg-gruppa har kr 45 600 mindre. Når ein derimot ser inntekta i høve til omfanget,


er det vesentleg skilnad på gruppene (figur 2.3). Låg-gruppa oppnår kr 40 400 i produksjonsinntekt per årsku, og høg-gruppa har tilsvarande kr 48 000 per årsku. Høg-gruppa omsett mest storfekjøtt (utanom kukjøtt), og produksjonsinntekter for storfeslakt ligg i høg-gruppa på kr 5 740 per årsku, medan låg-gruppa har kr 3 250 per årsku. Også når ein fordeler årsverktilllegg for husdyr per årsku ligg høg-gruppa høgast, med kr 4 540 per årsku. Låg-gruppa får kr 3 990 i årsverktilllegg per årsku. Årsaka til skilnaden er at husdyrtillægget minkar med aukande dyretal.



Figur 2.3 Inntekter i dei ulike gruppene, kroner per årsku

Når ein ser produksjonsinntekt mjølk (utan tilskot) i høve til produksjon, er det liten skilnad på gruppene. Høg-gruppa oppnår kr 18 500 per årsku i mjølkeinntekter, og låg-gruppa har kr 18 200 per årsku.


Ser ein på oppnådd mjølkepris utan tilskot (figur 2.4), er skilnaden mellom gruppene berre 3 øre per liter, der høg-gruppa kjem best ut. Når ein tek med tilskota på mjølk (driftstillegg, distrikts- og grunntilskot) er det større skilnad. Låg-gruppa har i gjennomsnitt oppnådd 68 øre i tilskot per liter omsett mjølk, medan høg-gruppa har 83 øre per liter. Hovudårsaken til at høg-gruppa får meir tilskot er at driftstillegget er fast per bruk, og utgjer dermed meir per liter ved mindre leveranse.



Figur 2.4 Pris og tilskot per liter omsett mjølk


2.4 Kostnader

Låg-gruppa har større kostnader enn høg-gruppa både totalt sett og i høve til produksjon. I figur 2.5 har vi sett opp ei oversikt over dei viktigaste kostnadene, og ein ser at høg-gruppa ligg lågare på dei aller fleste spesifiserte kostnader. Det er særleg store skilnader på kostnad til leigd hjelp. Låg-gruppa betaler totalt kr 98 900 til avløysarar, medan høg-gruppa nyttar leigd hjelp for kr 63 600. I høve til storleiken på bruket utgjer dette kr 1 000 meir per årsku i låg-gruppa. Når ein ser på kraftfôrkostnad per årsku, så er det låg-gruppa som har lågast kostnad per dyr. Låg-gruppa har ein kraftfôrkostnad på kr 7 180 per årsku, medan høg-gruppa har ein kostnad på kr 7 340 per årsku.



Figur 2.5 Oversikt over ulike kostnader i høg- og låg-gruppa, kroner per årsku


Når ein tek omsyn til alle kostnader på bruket (figur 2.6), så har bruka i låg-gruppa i gjennomsnitt kr 524 000 i sum kostnader (utan avskrivningar), medan bruka i høg-gruppa har i snitt kostnader på kr 383 000. Kostnad per årsku utgjer kr 27 300 i låg-gruppa og kr 25 200 per årsku i høg-gruppa.



Figur 2.6 Sum kostnader per bruk i dei ulike gruppene

2.5 Driftsoverskot jordbruket

Totalt blir driftsoverskotet i låg-gruppa på kr 151 500 per bruk, og i høg-gruppa blir driftsoverskotet kr 282 300 per bruk, altså ein differanse på kr 130 800 mellom dei to gruppene. Avskrivningar utgjer kr 100 000 av kostnadene i låg-gruppa og kr 64 000 i høg-gruppa, det utgjer kr 5 200 per årsku i låg-gruppa og kr 4 200 per årsku i høg-gruppa. Eigedelar i jordbruket totalt er kr 1 812 000 per bruk i låg-gruppa, medan høg-gruppa har kr 505 000 mindre .




Figur 2.7 Samla kostnader, inntekter og driftsoverskot, kroner per bruk

2.6 Nettoinntekt

Nettoinntekta viser samla inntekter for brukarfamilien, i og utanfor jordbruket, og det er vesentlege skilnader mellom gruppene. Låg-gruppa har ei nettoinntekt på kr 317 400, og høg-gruppa har ei nettoinntekt på kr 452 200. Hos høg-gruppa kjem meir enn halvparten av samla inntekter frå jordbruket (figur 2.8), og lønsinntekter utgjer 28%. I låg-gruppa kjem berre 38 % av dei samla inntektene frå jordbruket, og lønsinntektene utgjer her 41%.


I nettoinntekta er renteutgifter trekt frå, og dei utgjer i låg-gruppa kr 79 100 og i høg-gruppa kr 56 700.



Figur 2.8 Prosentvis fordeling av brukets samla inntekter for dei to gruppene

2.7 Arbeidsforbruk

Ettersom låg-gruppa har større omfang, så har dei også fleire arbeidstimar. I gjennomsnitt har låg-gruppa 3 520 timar per bruk på jordbruket, medan høg-gruppa har totalt 2 905 timar. Høg-gruppa bruker likevel meir tid per årsku (figur 2.9), og ein større del av arbeidsinnsatsen blir gjort av brukarfamilien. Høg-gruppa bruker i gjennomsnitt 191 timar per årsku, og familien sin arbeidsinnsats utgjer 82 % av timane. I låg-gruppa er arbeidsinnsatsen 184 timar per årsku, og familien står for 73 % av timane. Det er naturleg at arbeidstimar per årsku går nedover ettersom bruka blir større, jamfør figur 3.7 i kapittel 3.



Figur 2.9 Totale timar per årsku og familiens timar per årsku

2.8 Konklusjon

Fellestrekk for dei bruka som har best resultat per årsku, er at dei har vesentleg høgare inntekter per årsku enn den andre gruppa. Årsaka til dette er at dei produserer meir kjøtt per årsku og at tilskot per årsku er høgare. Det generelle kostnadsnivået er høgare i låg-gruppa, og det er særleg kostnad til leigd hjelp som utgjer mykje av skilnaden. I høg-gruppa står familien for ein større del av arbeidsinnsatsen i jordbruket.

Høg-gruppa har sett inn vesentleg mindre kapital i jordbruksdrifta, og har dermed mindre avskrivningar. Brukarane i høg-gruppa har også drive garden i lengre tid.

Det vart gjort tilsvarende undersøking i Trøndelag i 2000, og ein kan sjå dei same trendane der.

3 Trendar og økonomisk utvikling for åra 1995–2001


Dette kapittelet syner ein del trendar og utviklingstrekk for jordbruket for fylka; Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder frå 1995 til og med 2001. Materialet er hovudsakleg delt inn for kvart fylke og for to område; «Jæren» og «andre bygder». Andre bygder omfattar dei to Agder-fylka samt Rogaland utanom Jæren. For område Jæren er det i 2001 tal frå 45 bruk som ligg til grunn for framstillinga, og i gruppa andre bygder er det 85 bruk. Til samanlikning har vi tatt med ein del tal som syner utviklinga for heile landet, og der er det i år tal frå 948 bruk som ligg til grunn. I dette kapittelet er det nytta figurar for å syne utviklinga, medan talmaterialet for perioden er vist i tabellar i kapittel 5. Alle resultatata i dette kapittelet er omrekna til 2001-kroner etter konsumprisindeksen.

3.1 Resultatmål i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time.


3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskotet skal gje godtgjering til familien sitt arbeid i drifta, samt ei rimeleg rente for kapitalinnsatsen. Frå 1995–1998 var det etter måten små endringar i driftsoverskotet (figur 3.1). I 1999 kom det så ein markert nedgang, som i hovudsak skuldast overproduksjon og dårlege prisar på viktige produkt. I 2000 var det ein auke i driftsoverskotet, og utviklinga var om lag den same både for landet og for dei to områda. Auken skuldast i hovudsak auke i produksjonsomfanget og betre balanse i marknaden. Både på Jæren og andre bygder var også sal av mjølkekvote med på å trekke resultatet opp frå 1999 til 2000. I andre bygder har denne utviklinga halde fram også i 2001, der har driftsoverskotet auka med 15 % det siste året, til kr 197 200. På Jæren har driftsoverskotet derimot gått ned med 3 % frå 2000 til 2001, til kr 278 500. I gjennomsnitt for heile landet har driftsoverskotet også gått ned det siste året, til kr 197 100, og det er ein nedgang på 2 %.



Figur 3.1 Driftsoverskot i gjennomsnitt per bruk, 2001-kroner

Når ein ser på det enkelte fylket, er det Aust-Agder som har hatt den største auken i driftsoverskotet, med ein auke på 21 % det siste året til kr 160 000. Dette skuldast både auka prisar og større omfang på drifta. Kilo slaktegris omsett i Aust-Agder har i gjennomsnitt auka med 2 800 kilo per bruk frå 2000 til 2001, og liter mjølk omsett har auka med 7 300 liter, dvs. 16 %. I Vest-Agder har auken i driftsoverskotet vore på ca 10 %. Liter omsett mjølk har i Vest-Agder auka med 1400 liter det siste året. I gjennomsnitt for Rogaland har driftsoverskotet auka med 2 %. Resultatet vil naturleg nok variere mykje mellom ulike storleiksgrupper (figur 3.2) og driftsformer.




Figur 3.2 Driftsoverskot i ulike storleiksgrupper, 2001-kroner

3.1.2 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk


I jordbruksforhandlingane er vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk det sentrale resultatmålet. Ein kjem fram til resultatmålet ved å leggje leid arbeid til driftsoverskotet og trekkje frå jordbrukets del av faktisk betalte gjeldsrenter samt kår, og dette vert fordelt per årsverk. Figur 3.3 syner utviklinga av vederlaget i ulike driftsformer.

I driftsforma mjølk/ og saueproduksjon i andre bygder vart det i 2001 føretatt relativt store investeringar, og nedgangen i vederlaget skuldast i hovudsak auka renteutgifter på langsiktige lån.



Figur 3.3 Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk i ulike driftsformer, 2001-kroner


Figur 3.4 syner driftsoverskot og vederlag til arbeid og eigenkapital i gjennomsnitt for dei to områda. Driftsoverskotet ser vi på per bruk, medan vederlaget er oppgitt per årsverk (eit årsverk er 1860 timar).



Figur 3.4 Driftsoverskot og vederlag til arbeid og eigenkapital på Jæren og andre bygder, 2001-kroner

3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne per time viser kor mykje bruket kan betale for samla arbeidsinnsats, og viser kor mykje som er igjen til løn når innsett kapital har fått godtgjering. Ved eit stabilt driftsoverskot vil færre arbeidstimar gje auka lønsevne per time, medan auka rentekrav vil gje redusert lønsevne. Figur 3.5 syner utviklinga av lønsevne per time i dei ulike områda.




Figur 3.5 Lønsevne per time, gjennomsnitt for ulike område, 2001-kroner

På Jæren var det totale timetalet i jordbruket om lag det same i 2001 som det var i 2000. Totalt var det brukt 3 565 timar per bruk på Jæren. I andre bygder var det totale timetalet på 3 030 timar per bruk i 2001, og det er ein auke på 180 timar frå 2000. Grunnen til auken i timetalet er auka produksjonsomfang.

3.2 Effektivitetsutvikling


For å kunne seie noko om effektivitetsutviklinga kan vi sjå på endring i produksjon, arbeidstimar, og dyretal frå 1995 til 2001. I same periode har omsett liter mjølk auka med 6 000 liter per bruk i andre bygder, og omsett storfekjøtt har auka frå 2 020 kg til 2 660 kg. På Jæren har det vore ein auke på 22 500 liter omsett mjølk, og omsett storfekjøtt har auka frå 3 500 kg til 4 360 kg dei siste sju åra.

På Jæren har tal årskyr i gjennomsnitt auka frå 16,3 til 20,2, og i andre bygder har årskutalet auka frå 8,6 til 10,1 i perioden. I figur 3.6 ser vi på utviklinga av arbeidstimar per årsku i driftsforma mjølk/storfekjøttproduksjon. I begge område har det vore ein nedgang i arbeidstimar per årsku frå 1995 til 2001. På Jæren vart det i 1995 brukt i gjennomsnitt 179 timar per årsku, og i 2001 var dette redusert til 148 timar per årsku. I andre bygder vart det i gjennomsnitt brukt 271 timar per årsku, og det var gått ned til 222 timar per årsku i 2001.




Figur 3.6 Utvikling av arbeidstimar per årsku i driftsforma mjølk/ storfekjøttproduksjon

Grunnen til at det er så stor skilnad mellom områda, er hovudsakeleg storleiken på bru-ka. Vi kan sjå av figur 3.7 at det er stor variasjon på timebruk per årsku etter kor stort bruket er. Bruk med mindre enn 9 årskyr brukar i 2001 i gjennomsnitt 276 timar per årsku, og bruk med meir enn 18 årskyr bruker i gjennomsnitt 146 timar per årsku.



Figur 3.7 Timar per årsku i driftsforma mjølk/ storfeslak i begge område

Arbeidstimar per årsku går jamt nedover ettersom bru-ka blir større, men når ein ser på kostnader per årsku, blir biletet eit anna (figur 3.8). Da kan ein sjå at i dei tre minste gruppene er kostnadene per årsku nokså like. Medan dei som har meir enn 18 årskyr har ein noko lågare kostnad per årsku.




Figur 3.8 Kostnad per årsku i driftsforma mjølk/ storfeslakt, begge område

3.3 Skogbruket

Mange av gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal. Dei fleste driv lite aktivt skogbruk, og skogen utgjer berre ein liten del av bruket sine samla inntekter. På ein del bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg i Agder-fylka. For heile landet er 206 bruk med i skogbruksgranskingane i 2001, og 24 av desse bruka ligg i Aust- og Vest-Agder. Ingen bruk i Rogaland er med i skogbruksgranskingane.

Agder-bruka som var med i skogbruksgranskingane hadde gjennomsnitt kr 42 000 i driftsoverskot på skogbruket i 2001, og det utgjer 22 % av samla driftsoverskot frå jord- og skogbruk. For landet totalt utgjer driftsoverskotet frå skogen 18 % av samla driftsoverskot på dei bruka som er med i skogbruksgranskingane. Figur 3.9 viser utviklinga i driftsoverskotet frå jordbruk, skogbruk og nettoinntekt.



Figur 3.9 Driftsoverskot frå jordbruk og skogbruk samt nettoinntekt for dei bruka som er med i skogbruksgranskingane i Aust- og Vest-Agder


Pris på selt virke var i gjennomsnitt kr 325 per m³ i 2001. For heile landet var prisen kr 326 per m³. Aktiviteten i skogen var høgare i 2001 enn den har vore dei siste åra. Ein må tilbake til først på 1990-talet for å finne ein høgare avvirkingsprosent enn det var i 2001.

3.4 Totaløkonomien for bruka i Rogaland og Agder

3.4.1 Nettoinvestering

Nettoinvesteringar er verdien av eigedelane minus avskrivningar, tilskot og sal. Figur 3.10 viser utviklinga av nettoinvesteringane for heile landet, Jæren og andre bygder i Rogaland og Agder. I 1997 og 1998 blei det føretatt store investeringar i Agder-fylka, medan Jæren hadde negativ nettoinvestering i same periode. I 2000 var nettoinvesteringa relativt låg i alle område, men det var vesentleg auke igjen i 2001, både for landet totalt og i andre bygder. På landsbasis var det i 2001 dei største nettoinvesteringane på 10 år.


Når ein ser på ulike produksjonar er det driftsforma mjølk/storfeslakt i andre bygder som har den høgaste nettoinvesteringa i 2001. I den gruppa er det 43 bruk som i gjennomsnitt har nettoinvesteringar på kr 52 000, og det er hovudsakleg investert i driftsbygningar.




Figur 3.10 Nettoinvesteringar per bruk, ulike område, 2001-kroner

3.4.2 Nettoinntekt

Nettoinntekt er eit resultatmål som viser den samla inntekta til brukarfamilien, etter frådrag av gjeldsrenter og kår. Middell for alle bruka i Rogaland og Agder var i 2001 kr 396 800. Jæren hadde ein nedgang i nettoinntekta på 6 % siste året, til kr 375 400 i 2001. Dette skuldast i hovudsak auka renteutgifter. I andre bygder hadde nettoinntekta ei auke på 4 % det siste året til kr 407 100 i 2001. Auken skuldast hovudsakeleg auke i overskotet frå jordbruket, og noko frå auka lønsinntekt. Figur 3.11 og figur 3.12 viser korleis den samla inntekta på bruka er sett saman i dei to områda.




Figur 3.11 Samansetning av samla inntekter på Jæren




Figur 3.12 Samansetning av samla inntekter i andre bygder

3.4.3 Gjeld

Samla gjeld på bruka varierar mykje mellom driftsformer, storleikar og område. For heile landet har gjelda auka med 25 % til kr 929 400 frå 1995–2001. Alle bruka i driftsgranskingane har i gjennomsnitt ein gjeldsprosent på 40,2 % i 2001. Gjeldsprosenten viser kor stor del av egedelane som er finansiert med framand kapital. På Jæren var gjelda i 2001 i gjennomsnitt på kr 1 360 800, og det er ein gjeldsprosent på 47,6. I andre byder er det jamt over mindre driftseiningar, og der var det i snitt kr 1 039 800 i gjeld og ein gjeldsprosent på 43,7 %. Gjeldsprosenten har i enkelte driftsformer auka mykje dei siste åra (figur 3.13 og figur 3.14). For svineproduksjon har det vore investert mykje og produksjonen er bygd opp. Gruppen er liten, så tilfeldige variasjonar på enkeltbruk vil også slå inn.



Figur 3.13 Gjeldsprosent for landet og i ulike driftsformer på Jæren



Figur 3.14 Gjeldsprosent for landet og i ulike driftsformer i andre bygder

4 Utviklingstrekk 2001

Hovudtendensar for 2001:

- Små endringar i driftsresultatet
- Nedgang for Jærbruka, auke for andre bygder
- Godt år for svinehaldet, svakt for sau

Timetalet per årsverk i jordbruket er redusert frå 1875 timar til 1860 timar frå 2000 til 2001. Alle resultatmål i tabellane er derfor omrekna til kr per årsverk à 1860 timar.

I jordbruksforhandlingane er vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk det sentrale resultatmålet. Resultatet for 2001 viser kr 153 400 mot kr 151 700 i 2000. Auken er på 1,1 %. Ein kjem fram til resultatmålet ved å leggje leigd arbeid til driftsoverskotet og trekkje frå jordbrukets del av faktisk betalte gjeldsrenter samt kår, og fordelt per årsverk. Effekt av auka skattefrådrag er ikkje teke omsyn til.

Resultatet varierer mellom ulike regionar. Ser vi på vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, viser bruka på Jæren ein nedgang på 2 % til kr 168 800. Nedgangen skuldast auka rentekostnader. Vederlaget for andre bygder i Rogaland viser ein auke på 3,7 % til kr 143 700. Auken skuldast i hovudsak auke i produksjonen, betre balanse i marknaden og dermed høgare prisar på viktige produkt som mjølk, storfekjøt og svin.

Av dei ulike driftsformene, viser mjølkeproduksjon kombinert med svin best resultat på Jæren og for andre bygder i Agder og Rogaland. Mjølkeprisen auka 8 øre per liter og prisen på storfekjøt auka med kr 2,75 per kg. Det er også ei liten auke i prisen på svinekjøt, medan prisen på sauekjøt har gått ned med omlag kr 1 per kg.

Vederlag til arbeid og eigenkapital aukar med storleiken på bruka. I begge regionane viser dei største bruka best resultat med unnatak for dei minste bruka i andre bygder. Dei viser ein kraftig auke frå 2000 grunna stor auke i produksjonen.

Driftsoverskotet per bruk var i middel for Rogaland og Agder kr 225 200 mot kr 205 600 i 2000. Dette er ein auke på 8,7 %. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta samt ei rimeleg rente for kapitalinnsatsen.

Jæren (45 bruk) har driftsoverskot på kr 278 400 i middel per bruk i 2001 noko som er omlag uendra frå 2000, medan andre bygder i Rogaland og Agder (85 bruk) hadde ein auke frå kr 168 600 til kr 197 100 (16,9 %).

Nettoinvesteringar er sum investeringar i jordbruket med frådrag av kapitalslit (avskrivningar), fråsal og eventuelle investeringstilskot. Nettoinvesteringa var i middel for dei 45 bruka på Jæren kr 9 700 (14 100 i 2000) og i resten av Rogaland og Agder 30 200 kr i middel for 2001 ($\div 3$ 200 i 2000). Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året.

Driftsgranskingane viser at inntekter utanom den tradisjonelle jordbruksdrifta utgjer ein stor del av nettoinntekta per bruk. Ein del av desse inntektene er anna næring med basis i ressursane på bruket. I 2001 utgjorde inntekter utanom bruket i Rogaland og Agder 52 % av samla inntening mot 55 % i 2000.

Nettoinntekta per bruk viser ein nedgang på 6 % på Jæren til kr 375 400, og ein auke på 4 % til kr 407 100 for resten av distriktet. Nettoinntekta omfattar driftsoverskot frå jord- og skogbruk, bierverv, løner, trygder og pensjonar, dessutan renteinntekter og verdi av eige arbeid på nyanlegg. Gjeldsrenter og kår er trekte frå. Auken i nettoinntekta i andre bygder skriv seg hovudsakleg frå auke i overskotet frå jordbruket og noko frå auka lønsinntekt. Nedgangen på Jæren skuldast auke i kapitalkostnader.

Samla gjeld per bruk auka med kr 136 400 (13,4 %) per bruk i middel siste året. Innbetaling av gjeldsrenter auka frå 60 200 til kr 70 200 frå 2000 til 2001 i gjennomsnitt for alle bruka i Rogaland og Agder.

Alle dei presenterte resultatane er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreiding i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 130 bruka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Sør-Vestlandet har vore.

Tabell 4.1 Samla oversikt for 2001

		Tal bruk	Innm. areal	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arb. og eigenkap. per årsv.	
				2000	2001	2000	2001
Alle	Rogal./Agder	130	198	205 600	225 200	151 700	153 400
	Rogaland	71	197	255 900	268 500	167 500	169 000
Fylke	Vest-Agder	29	199	167 400	186 800	140 400	143 500
	Aust-Agder	30	199	128 800	159 900	120 000	121 700
	Jæren	45	214	278 800	278 400	172 400	168 800
	100-199 daa	15	150	216 700	247 900	137 200	169 900
Jæren	200-300 daa	20	248	339 000	338 200	196 000	179 200
	Mjølkk	24	229	262 900	287 800	167 000	169 200
	Mjølkk/gris	12	185	333 600	356 800	194 000	206 700
	Andre bygder	85	189	168 600	197 200	138 600	143 700
Andre bygder	50-99 daa	12	71	56 000	122 700	93 100	145 500
Rogaland og Agder	100-199 daa	38	148	183 000	188 600	148 500	139 600
	200-300 daa	29	253	192 700	235 700	131 700	150 000
	Mjølkk	43	211	172 700	196 000	129 200	131 700
	Mjølkk/sau	9	217	264 800	236 800	176 800	142 800
	Mjølkk/gris	6	225	242 000	299 400	157 600	158 300

Tabell 4.2 Resultatmål i jordbruket 1995-2001, Jæren

År	Tal bruk	Vederlag til arb. og eigenkap. pr. årsverk à 1 860 timar		Konsum- prisindeks
		Nominelle kr	2001 - kr	
1995	45	155 600	179 600	94,2
1996	41	166 800	190 200	95,3
1997	42	164 300	182 600	97,8
1998	43	174 600	189 800	100,0
1999	45	158 600	168 500	102,3
2000	42	172 400	177 600	105,5
2001	45	168 800	168 800	108,7

Tabell 4.3 Resultatmål i jordbruket 1995-2001, andre bygder i Rogaland og Agder

År	Tal bruk	Vederlag til arb. og eigenkap. pr. årsverk à 1 860 timar		Konsum- prisindeks
		Nominelle kr	2001 - kr	
1995	81	126 600	146 100	94,2
1996	83	131 000	149 400	95,3
1997	82	123 900	137 700	97,8
1998	82	140 800	153 100	100,0
1999	82	123 700	131 500	102,3
2000	83	138 600	142 800	105,5
2001	85	143 700	143 700	108,7

5 Tabellsamling 1997–2001

1. Fylkestal, Rogaland
2. Fylkestal, Vest-Agder
3. Fylkestal, Aust-Agder
4. Områdetal, Jæren, alle bruk
5. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 2 (50–100 daa), alle driftsformer
6. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer
7. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer
8. Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøttproduksjon
9. Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald
10. Områdetal, andre bygder, alle bruk
11. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 2 (50–100 daa), alle driftsformer
12. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer
13. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer
14. Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøttproduksjon
15. Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald
16. Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og svinehald

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskningane for åra 1997–2001. Det er presentert tabellar for kvart fylke og for dei to områda «Jæren» og «andre bygder i Rogaland og Agder». For områda er det presentert tal for heile område, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpande, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneheld opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen per 31.12.

Tabell 1a Fylkestat, Rogaland
Produksjonstekniske data og oppnådde priser

	1997	1998	1999	2000	2001
Tal bruk i gruppa	66	68	69	67	71
Alder på brukar	45	44	44	43	42
Arealfordeling og avling pr. dekar					
Korn i alt, daa	3,7	5,0	5,1	5,0	5,3
Korn i alt, FEm pr. daa	520	521	520	420	481
Grønforvekster, daa	10,6	7,5	4,9	2,8	1,3
Grønforvekster, FEm pr. daa	639	595	697	402	511
Grovfôr i alt, daa	161,2	166,3	169,4	179,5	189,1
Grovfôr i alt, FEm pr. daa	528	516	529	492	476
Jordbruksareal i alt, daa	167,7	173,4	177,0	187,0	197,1
Jordbruksareal i alt, FEm pr. daa	527	517	527	488	477
Leigd areal, daa	22,9	26,3	24,8	22,5	26,9
Husdyrproduksjon					
Årskyr	15,4	15,5	16,4	16,2	16,5
Omsett mjølk, liter	88 002	87 887	91 064	89 967	94 599
Mjølkekvote	92 224	90 494	93 590	91 738	94 206
Mjølk, pr. årsku, kg	6 449	6 427	6 317	6 278	6 474
Storfekjøt, kg omsett	3 558	3 675	3 901	3 853	3 694
Tal grisekull	3	3	6	6	12
Slaktegris, kg omsett	2 675	2 998	3 713	4 024	4 441
Vinterföra sauer	21	20	17	21	22
Kg kjøt pr. vf sau	26	27	28	27	27
Ull, kg omsett	124	115	100	106	119
Egg, kg omsett	2 566	2 880	2 604	2 995	2 543
Arbeidsforbruk, timar					
Brukar	2 194	2 173	2 065	2 077	2 198
Ektefelle	529	458	408	440	395
Barn under 17 år	30	21	28	24	24
Sum familie	2 754	2 653	2 501	2 541	2 617
Leigd arbeid	822	751	810	880	823
Timar jordbruket	3 576	3 404	3 311	3 421	3 440
Timar skogbruket	39	32	34	36	27
Timar nyanlegg	32	23	40	64	53
Oppnådde priser					
Bygg, kr pr. kg	1,90	1,80	1,87	1,67	1,73
Poteter, kr pr. kg	1,20	1,26	1,40	1,81	2,43
Kumjølk, kr pr. l	1) 3,29	3,56	3,34	3,24	3,31
Kukjøt, kr pr. kg	2) 32,45	31,07	27,95	23,87	25,58
Anna storfekjøt, kr pr. kg	2) 37,74	36,54	33,51	28,09	30,31
Smågris, kr pr. stk	725,00	800,00	692,00	676,15	790,04
Svinekjøt, slaktegris, kr pr. kg	20,74	21,36	19,92	19,25	19,92
Sau- og lammekjøt, kr pr. kg	2) 31,45	33,16	36,29	31,80	31,34
Ull, kr pr. kg	36,36	34,47	33,83	33,57	34,70
Egg, kr pr. kg	10,60	10,89	10,95	11,18	10,53

1) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom. år 1998

2) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom. år 1999

Tabell 1b Fylkestat, Rogaland
Produksjonsinntekter og -kostnader pr. bruk

	1997	1998	1999	2000	2001
Korn	2 903	3 422	3 973	2 980	3 489
Poteter	3 325	3 627	4 496	4 623	6 213
Andre planteprodukt	11 593	9 668	11 559	5 490	10 597
Planteprodukt	17 822	16 717	20 029	13 093	20 299
Storfe, mjølk	346 097	363 539	361 357	291 859	312 755
Storfe, livdyr og slakt	152 235	134 347	123 303	120 798	124 431
Smågris	10 000	9 051	8 969	10 997	57 453
Slaktegris	58 057	64 158	69 927	83 995	85 754
Purker og rånar	2 043	3 456	5 627	4 076	13 693
Sau, livdyr og slakt	21 422	21 914	17 816	19 841	19 034
Ull	4 230	4 008	3 468	3 526	4 179
Fjørfe, egg, livdyr og slakt	27 841	30 763	31 715	30 566	31 299
Geit, melk, livdyr og slakt				2 311	2 524
Andre innt. husdyrholdet	1 159	409	396	1 099	2 316
Husdyrprodukt	623 084	631 645	622 578	569 068	653 438
Areal- og kult.landsk.till., grovfôr	49 858	58 188	46 669	46 562	42 852
Areal- og kulturlandskaptill., korn	1 479	979	1 456	1 177	2 019
Produksjonstillegg, husdyr	60 618	63 370	67 147	78 551	81 136
Drifts-, grunn- og distriktstilskot 1)				79 707	73 119
Refusjon av avløyserutgifter	38 325	41 515	44 229	53 389	50 895
Andre tilskot og trygder	2 370	2 217	6 513	5 847	5 586
Leigeinntekter traktor og reiskap	2 821	2 504	3 752	2 443	2 849
Traktor i skogen / anna inntekt	2 023	2 225	1 509	2 759	2 674
Sal av mjølkekvote				13 859	
Produksjonsinntekter i alt	798 400	819 360	813 882	866 455	934 867
Kraftfôr	164 057	167 039	175 036	178 268	202 072
Andre fôrkostnader	13 130	11 521	7 798	11 505	9 816
Såvarer	5 044	4 921	4 807	4 323	5 231
Handelsgjødsel og kalk	27 773	24 159	25 624	22 738	27 119
Konserveringsmidlar	7 081	7 104	7 385	7 438	8 822
Kjøp av dyr	37 222	39 495	34 053	33 231	37 480
Forbruksartiklar og diverse	29 466	30 040	37 116	38 589	46 254
Variable kostnader	283 773	284 279	291 819	296 092	336 794
Leigd arbeid	77 981	79 649	87 909	93 730	91 958
Drivstoff	6 009	6 149	6 531	7 813	10 275
Vedl. jord, vegar, grøfter, vassanl.	4 390	5 681	6 343	5 585	5 885
Vedlikehald driftsbygningar	25 642	25 237	26 836	23 591	27 277
Vedlikehald traktor og maskiner	28 930	30 542	26 221	28 724	29 731
Avskrivingar	66 183	69 441	76 603	83 323	82 130
Maskinleige	10 787	12 213	14 489	14 196	16 939
Andre kostnader	50 956	50 609	53 699	57 458	65 363
Faste kostnader	270 878	279 521	298 631	314 420	329 558
Kostnader i alt	554 651	563 800	590 450	610 512	666 352

1) Driftstilskot, grunnstilskot og distriktstilskot er inkludert i prisane til og med år 1999

Frå og med år 2000 vil desse tilskota bli ført på eigen linje

Tabell 1c Fylkestal, Rogaland
Resultat og balanse

	1997	1998	1999	2000	2001
Driftsoverskot	243 749	255 560	223 432	255 943	268 515
- Renter av aktiva i jordbruket	73 553	78 230	94 138	101 698	109 964
Familiens arb. fortjeneste	170 196	177 330	129 293	154 245	158 551
Fam. arb. fortjeneste pr. årsverk	114 947	124 325	96 156	112 907	112 688
Lønsevne i alt	248 176	256 978	217 202	247 975	250 509
Lønsevne pr. time	69,40	75,48	65,61	72,48	72,82
Vederl. til arb. og egenkap. pr. årsv.	153 932	167 256	152 774	167 578	169 038
Rekneskapssamandrag					
Driftsoverskot, jordbruk	243 749	255 560	223 432	255 943	268 515
Driftsoverskot, skogbruk	883	1 675	2 149	1 127	873
Driftsoverskot, tilleggsnæring	5 224	9 132	13 780	8 915	9 843
Driftsoverskot, anna næring	11 539	19 723	16 043	13 801	6 412
Løsinntekt	130 248	147 153	151 538	151 279	153 497
Pensjonar	8 491	5 495	8 275	3 346	4 485
Sjukepengar	4 503	5 779	7 849	14 919	9 840
Aksjeutbyte / erstatning	1 259	7 695	3 061	14 097	2 041
Arbeid nyanlegg	3 439	2 619	4 769	7 963	6 940
Renteinntekter	6 543	7 996	8 887	10 091	12 308
- Renteutgifter	38 043	44 895	60 174	63 522	71 920
- Kår	6 203	6 410	6 434	6 490	7 582
Nettoinntekt	371 634	411 522	373 173	411 469	395 252
Privatforbruk eks. skatt	270 659	296 364	311 254	322 249	315 638
Skatt	114 280	122 187	136 490	125 188	120 700
Balanseoversikt (UB)					
Kontantar og bankinnskot	178 314	179 285	161 278	204 727	218 545
Andre krav	82 163	77 659	82 420	72 264	86 151
Omløpsmidlar jordbruket	137 586	127 322	121 316	128 675	145 747
Oml.midl. skog og anna næringar	47 597	54 183	61 627	110 668	103 092
Omløpsmidlar i alt	445 660	438 449	426 641	516 334	553 535
Anleggsmidlar jordbruk	1 097 958	1 073 486	1 220 312	1 328 292	1 437 793
Anleggsmidlar skogbruk	17 582	18 157	17 036	15 785	12 755
Anleggsmidlar anna næringar	50 442	42 533	39 403	32 095	32 758
Hovudbygning	434 620	456 134	482 693	514 352	534 894
Privat	74 030	87 456	86 153	81 228	88 085
Anleggsmidlar i alt	1 674 632	1 677 766	1 845 597	1 971 752	2 106 285
Eigedelar i jordbruket	1 235 544	1 200 808	1 341 627	1 456 966	1 583 539
Eigedelar i alt	2 120 292	2 116 215	2 272 238	2 488 086	2 659 820
Kortsiktig gjeld	242 860	231 498	255 491	263 925	259 972
Langsiktig gjeld	584 652	612 376	752 921	835 126	926 867
Eigenkapital	1 292 779	1 272 341	1 263 826	1 389 035	1 472 981

Tabell 2a Fylkestal, Vest Agder
Produksjonstekniske data og oppnådde priser

	1997	1998	1999	2000	2001
Tal bruk i gruppa	30	30	29	29	29
Alder på brukar	45	46	47	46	45
Arealfordeling og avling pr. dekar					
Korn i alt, daa	13,6	10,9	10,0	9,7	10,4
Korn i alt, FEm pr. daa	266	307	362	353	524
Grønforvekster, daa	8,9	13,1	7,8	5,6	10,7
Grønforvekster, FEm pr. daa	318	373	372	350	162
Grovfôr i alt, daa	149,0	152,9	160,3	169,4	187,0
Grovfôr i alt, FEm pr. daa	409	418	409	379	327
Jordbruksareal i alt, daa	164,4	165,4	172,9	180,8	199,5
Jordbruksareal i alt, FEm pr. daa	397	411	403	378	341
Leigd areal, daa	74,4	73,0	74,3	76,3	93,7
Husdyrproduksjon					
Årskyr	9,8	9,7	9,6	10,5	10,8
Omsett mjølk, liter	54 098	53 815	52 827	56 223	57 624
Mjølkekvote	54 654	55 712	58 327	56 742	58 500
Mjølk, pr. årsku, kg	6 153	6 212	6 210	6 050	6 072
Kukjøtt, kg omsett	856	990	938	1 311	1 131
Anna storfekjøtt, kg omsett	1 682	2 095	2 168	1 771	2 039
Slaktegris, kg omsett	2 256	2 345	1 635	2 174	1 890
Vinterfôra sauer	10	8	8	10	14
Kg kjøtt pr. vf sau	31	32	31	31	28
Ull, kg omsett	63	42	46	66	55
Egg, kg omsett					
Arbeidsforbruk, timar					
Brukar	1 852	1 687	1 692	1 718	1 795
Ektefelle	334	294	313	336	382
Barn under 17 år	37	18	12	23	6
Sum familie	2 222	1 998	2 017	2 077	2 183
Leigd arbeid	505	516	535	433	492
Timar jordbruket	2 727	2 514	2 552	2 510	2 675
Timar skogbruket	143	159	164	78	74
Timar nyanlegg	102	66	31	35	54
Oppnådde priser					
Bygg, kr pr. kg	1,89	1,83	1,92	1,68	1,69
Havre, kr pr. kg	1,79	1,78	1,79	1,69	1,59
Poteter, kr pr. kg	2,25	2,47	3,30	2,39	3,53
Kumjølkk, kr pr. l	1) 3,22	3,65	3,29	3,23	3,36
Kukjøtt, kr pr. kg	2) 34,76	33,04	30,32	23,49	25,13
Anna storfekjøtt, kr pr. kg	2) 40,97	40,50	36,69	28,34	30,31
Smågris, kr pr. stk.	662,00	766,00		581,54	
Svinekjøtt, slaktegris, kr pr. kg	20,45	21,35	20,22	18,39	20,49
Sau- og lammekjøtt, kr pr. kg	2) 33,44	36,75	40,54	34,42	31,97
Ull, kr pr. kg	36,76	33,26	36,39	36,06	37,97

1) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom. år 1998

2) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom. år 1999

Tabell 2b Fylkestal, Vest Agder
Produksjonsinntekter og -kostnader pr. bruk

	1997	1998	1999	2000	2001
Korn	5 203	5 384	5 965	5 852	9 017
Poteter	1 460	2 365	2 816	2 459	5 483
Grønsaker	4 992	5 840	4 893	3 920	5 080
Andre planteprodukt	10 629	11 964	13 942	8 009	10 687
Planteprodukt	22 284	25 553	27 616	20 240	30 267
Storfe, mjølk	231 165	243 329	232 533	181 587	193 673
Storfe, livdyr	11 726	9 228	10 391	13 228	11 244
Kuslakt	38 529	34 865	31 682	30 349	28 513
Anna storfeslakt	75 721	84 263	77 093	56 070	62 635
Smågris	760	218	441	619	-629
Slaktegris	54 262	43 614	33 492	39 183	38 625
Purker og rånar	142	509	793	797	1 474
Sau, livdyr og slakt	11 616	10 872	12 401	14 391	14 489
Ull	1 820	1 543	1 673	1 953	2 206
Andre innt. husdyrhaldet	158			766	
Husdyrprodukt	425 900	428 441	400 500	338 943	352 230
Areal- og kulturlandskaptill., grovfôr	59 910	70 285	60 143	61 530	65 386
Areal- og kulturl.till., korn	4 946	4 549	3 810	2 947	3 571
Produksjonstillegg, husdyr	42 178	45 938	48 705	56 622	62 182
Drifts-, grunn- og distriktstilskot 1)				87 566	84 987
Refusjon av avlørsarutgifter	32 537	30 761	34 487	40 919	39 559
Andre tilskot og trygder	1 571	1 227	4 709	5 605	6 385
Leieinntekter traktor og reiskap	5 561	6 230	6 286	7 615	6 222
Traktor i skogen	3 898	5 000	4 922	3 956	3 113
Anna	49	785	224	20	6 201
Produksjonsinntekter i alt	598 835	618 769	591 402	625 963	660 103
Kraftfôr	106 903	100 239	96 986	101 785	107 190
Andre førkostnader	8 441	9 300	9 172	15 820	10 697
Såvarer	3 768	4 612	4 357	3 899	5 513
Handelsgjødsel og kalk	26 776	26 105	24 380	21 501	24 459
Konserveringsmidlar	4 649	4 782	5 362	4 974	4 794
Kjøp av dyr	45 736	38 789	44 347	43 438	29 446
Forbr.art. og diverse	21 375	22 115	22 169	24 118	28 350
Variable kostnader	217 649	205 941	206 773	215 535	210 449
Leigd arbeid	52 451	57 077	63 439	53 798	61 293
Drivstoff	8 174	7 669	8 529	9 483	12 595
Vedl. jord, vegar, grøfter, vassanl.	3 210	2 165	4 321	3 107	4 823
Vedlikehald driftsbygningar	16 865	16 752	14 923	16 864	14 371
Vedl. hald traktor og maskiner	29 167	25 391	30 276	27 696	28 025
Avskrivningar	57 548	61 587	64 268	73 258	75 278
Maskinleige	11 594	12 188	10 898	9 830	13 579
Andre kostnader	44 175	45 038	47 299	48 956	52 826
Faste kostnader	223 184	227 866	243 953	242 992	262 790
Kostnader i alt	440 833	433 807	450 726	458 527	473 239

1) Driftstilskot, grunnstilskot og distriktstilskot er inkludert i prisane til og med år 1999

Frå og med år 2000 vil desse tilskota bli ført på eigen linje

Tabell 2c Fylkestal, Vest Agder
Resultat og balanse

	1997	1998	1999	2000	2001
Driftsoverskot	158 002	184 962	140 676	167 436	186 864
- Renter av aktiva i jordbruket	63 129	72 123	78 370	84 296	89 748
Familiens arb. fortjeneste	94 873	112 839	62 306	83 140	97 116
Fam. arb. fortjeneste pr. årsverk	79 417	105 045	57 456	74 454	82 747
Lønsevne i alt	147 325	169 916	125 745	136 938	158 410
Lønsevne pr. time	54,03	67,60	49,27	54,55	59,22
Vederl. til arb. og egenkap. pr. årsv.	128 962	160 512	127 515	140 420	143 551
Rekneskapssamandrag					
Driftsoverskot, jordbruk	158 002	184 962	140 676	167 436	186 864
Driftsoverskot, skogbruk	6 801	9 055	11 779	3 141	7 079
Driftsoverskot, tilleggsnæring	8 230	15 094	7 687	6 467	8 378
Driftsoverskot, anna næring	18 734	17 087	39 629	32 925	21 629
Løsinntekt	129 320	135 909	132 988	172 048	201 500
Pensjonar	11 607	17 694	18 027	19 229	37 255
Sjukepengar	4 315	3 815	13 154	20 663	5 962
Aksjeutbyte/ erstatn.	3 158	-1 284	7 495	6 606	4 247
Arbeid nyanlegg	10 975	7 549	3 682	4 354	7 087
Renteinntekter	5 505	8 284	10 647	14 797	13 580
- Renteutgifter	35 028	41 574	50 826	56 228	73 522
- Kår	2 397	1 843	1 350	1 395	1 833
Nettoinntekt	319 221	354 748	333 588	390 043	418 226
Privatforbruk eks. skatt	248 791	272 287	272 712	280 544	295 211
Skatt	86 481	89 080	111 428	115 371	103 491
Balanseoversikt (UB)					
Kontantar og bankinnskot	150 393	174 945	188 110	183 993	212 259
Andre krav	74 456	61 679	89 647	75 462	72 676
Omløpsmidlar jordbruket	133 738	123 366	111 584	114 352	127 509
Oml.midl. skog og anna næringar	22 978	18 980	26 322	24 760	20 464
Omløpsmidlar i alt	381 565	378 970	415 664	398 567	432 908
Anleggsmidlar jordbruk	952 781	1 009 426	1 021 579	1 087 629	1 201 109
Anleggsmidlar skogbruk	115 556	124 266	150 731	135 322	151 257
Anleggsmidlar anna næringar	124 621	110 326	109 954	155 571	127 286
Hovudbygning	225 231	222 131	228 849	319 460	351 682
Privat	102 313	115 164	116 523	122 063	123 579
Anleggsmidlar i alt	1 520 502	1 581 313	1 627 636	1 820 045	1 954 913
Eigedelar i jordbruket	1 086 519	1 132 792	1 133 163	1 201 981	1 328 618
Eigedelar i alt	1 902 067	1 960 283	2 043 300	2 218 612	2 387 821
Kortsiktig gjeld	179 733	177 240	231 396	165 790	214 525
Langsiktig gjeld	620 651	633 164	641 807	771 650	924 550
Eigenkapital	1 101 683	1 149 879	1 170 097	1 281 172	1 248 746

Tabell 3a Fylkestat, Aust Agder
Produksjonstekniske data og opnådde prisar

	1997	1998	1999	2000	2001
Tal bruk i gruppa	28	27	29	29	30
Alder på brukar	49	50	49	48	44
Arealfordeling og avling pr. dekar					
Korn i alt, daa	10,0	13,6	14,1	17,2	16,9
Korn i alt, FEm pr. daa	373	321	278	336	403
Grønforvekster, daa	6,4	6,6	7,7	3,4	3,6
Grønforvekster, FEm pr. daa	297	306	350	315	242
Grovfôr i alt, daa	123,5	133,3	137,5	133,4	163,5
Grovfôr i alt, FEm pr. daa	402	386	343	345	318
Jordbruksareal i alt, daa	147,2	159,6	165,5	168,8	199,1
Jordbruksareal i alt, FEm pr. daa	403	372	333	349	334
Leigd areal, daa	73,5	80,3	85,2	79,4	90,4
Husdyrproduksjon					
Årskyr	8,2	9,0	9,0	8,9	9,4
Omsett mjølk, liter	44 365	48 277	47 568	43 988	51 282
Mjølkekvote	46 159	48 499	49 459	46 752	51 124
Mjølk, pr. årsku, kg	6 075	5 969	6 017	5 618	6 186
Kukjøtt, kg omsett	868	791	909	847	1 050
Anna storfekjøtt, kg omsett	895	1 029	1 118	1 257	1 232
Slaktegris, kg omsett	1 401	1 321	4 743	1 984	4 825
Vinterfôra sauer	12	16	16	8	11
Kg kjøtt pr. vf sau	19	19	21	27	26
Ull, kg omsett	70	70	60	45	47
Egg, kg omsett	1 092	1 407	2 274	1 990	4 522
Arbeidsforbruk, timar					
Brukar	1 758	1 638	1 815	1 726	1 908
Ektefelle	458	515	485	366	480
Barn under 17 år	29	13	9	7	26
Sum familie	2 244	2 167	2 309	2 099	2 414
Leigd arbeid	732	659	793	822	794
Timar jordbruket	2 976	2 826	3 103	2 921	3 208
Timar skogbruket	104	97	80	83	88
Timar nyanlegg	43	67	14	67	3
Oppnådde prisar					
Bygg, kr pr. kg	1,88	1,77	1,85	1,70	1,65
Poteter, kr pr. kg	4,22	3,20	3,16	2,54	3,20
Kumjølk, kr pr. l	¹⁾ 3,03	3,68	3,30	3,20	3,35
Kukjøtt, kr pr. kg	²⁾ 35,18	33,82	30,41	23,46	25,57
Anna storfekjøtt, kr pr. kg	²⁾ 41,30	40,17	36,52	28,24	32,58
Smågris, kr pr. stk	732,00	798,00	729,00	665,47	
Svinekjøtt, slaktegris, kr pr. kg	20,20	21,43	19,51	17,94	18,80
Sau- og lammekjøtt, kr pr. kg	²⁾ 33,34	34,46	36,02	31,42	31,29
Ull, kr pr. kg	31,36	29,49	28,98	29,75	26,90
Egg, kr pr. kg	10,48	10,50	11,60	10,74	10,24

1) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom. år 1998

2) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom. år 1999

Tabell 3b Fylkestal, Aust Agder
Produksjonsinntekter og -kostnader pr. bruk

	1997	1998	1999	2000	2001
Korn	6 222	4 983	5 187	15 268	9 798
Poteter	13 308	1 539	11 179	17 731	39 867
Grønsaker	14 472	5 585	25 763	29 304	38 801
Andre planteprodukt	31 231	21 813	22 291	7 809	15 687
Planteprodukt	65 233	33 920	64 421	70 112	104 153
Storfe, mjølk	191 392	217 928	209 033	140 901	171 566
Storfe, livdyr og slakt	82 834	82 858	72 150	70 235	74 732
